

Bruk oljeinntekter på grønne investeringar!

I Noreg er me så heldige at me har bygga opp ein fornuftig måte å forvalte godane til fellesskapet som me har fått takka vere oljeindustrien. Framvekst av nye effektive former for fornybar energi har gjort at oljebehovet til verda minkar. Korleis skal staten få nok inntekter når oljeinntektene minkar? Korleis skal me i framtida ha nok kapital til å lage gode tenester for innbyggjarane våre?

Behovet for olje eksisterer likevel framleis og så lenge det er eit behov i marknaden for olje vil nokon forsøke å mette dette. Oljetida er altså ikkje over, men me må bruke oljeinntektene til fornybare investeringar slik at me er betre rusta for framtida. Det er betre at me nyttar inntektene på våre framtidige generasjonar på ny og fornybar teknologi som gjer oss leiande i verdssamanheng.

Rogaland Senterparti meiner:

- At ein større del av oljeinntektene må nyttast til å investere i fornybare tiltak og næringar i Noreg.
- At ein større del av Statens pensjonsfond utland (Oljefondet) må nyttast til å investere i fornybare løysingar internasjonalt.

Innsendt av; Rogaland Senterungdom

